



Seim Bygg AS  
Nesbrekka 28  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7935 - 15/1741

Saksbehandlar:  
Kristin Nielsen  
kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:  
28.01.2015

## Førebels svar - trong for tilleggskontroll - gbnr 137/747 Alver

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 23.12.2014.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Situasjonsskartet må sendast inn på nytt, påført med avstandsmål frå bygningen til eigedomsgrensa mot nordvest, dvs. mot gbnr. 137/748, og mot sørvest, dvs. mot gbnr. 137/289. Den utvendige trappen/tilkomsten frå øvste til nedste nivå utvendig må også visast på situasjonsplanen.

*Vi vil for ordens skuld gjere merksam på at dersom avstanden frå fasadelivet skulle vere under 4,0 meter, jf. plan- og bygningslova § 29-4, eller under 3,0 meter for utstikkande bygningsdeler, jf. TEK § 6-3, må de enten sende inn skriftleg dokumentasjon som syner at eigarane av gbnr. 137/748 og/eller eigarane av gbnr. 137/289 samtykker i dette, eller de må søkje om dispensasjon frå avstandskrava.*

2. Det må sendast inn dokumentasjon som synleggjer at eigdommen har rett til å bruke den private vegen som de skal knytast til, samt at retten til privat framføring av vatn og avløp er sikra heilt fram til eigdommen.
3. «Gjennomføringsplanen» må oppdateres med riktig informasjon og sendast inn på nytt.

*Det innsendte dokumentet syner at alle dei utførande fagområda, samt kontrollerande, har levert samsvarserklæring til dykk som ein dokumentasjon på at dei allereie har ferdigstilt arbeidet sitt. Samsvarserklæringar frå dei utførande vil ikkje kunne ligge føre før ved søknad om midlertidig bruksløyve eller ved søknad om ferdigattest.*

4. Vedlegga som Hole VVS AS skildrar som vedlagt på side 2 i dokumentet «Vedlegg til søknad om ansvarsrett der føretaket ikkje har sentral godkjenning» må sendast inn.



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **saml** innan **28.02.2015**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

#### **Dokumenttilsyn**

Den øvste etasjen skal jf. TEK § 12-2 andre ledd stette krava til tilgjengeleg bueining. Vi ber om at det dokumenterast at utforminga av dusjen på badet i den øvste etasjen er i tråd med krava til tilgjengeleg bueining.

#### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

#### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Kristin Nielsen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Camilla Marøy og Vegar Sætre                      Skanselien 21                      5031                      BERGEN

#### **Mottakarar:**

Seim Bygg AS                      Nesbrekka 28                      5912                      SEIM